



Arkivnr: 2014/278-49

Saksbehandlar: Therese Langhelle Wergeland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		07.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

### Innbyggjarinitiativ – betre busstilbod på Bømlo

#### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har mottatt i brev frå Bømlo kommune av 8. november, eit innbyggarforslag underskreve av 470 personar. Med utgangspunkt i dagens kollektivtilbod gir innbyggjarforslaget uttrykk for at busstilbodet ikkje vert opplevd godt nok.

Tilbakemeldingar, erfaringar og innspel som kjem frå kundar, kommunar og andre interessentar er viktig informasjon for Skyss i arbeidet med å tilpasse rutetilboden best mogleg. Der det er mogleg å finne løysingar innanfor dei gitte rammene, og som ikkje gir vesentlege konsekvensar for andre delar av kollektivnettet, kan ein løpande gjere mindre justeringar. Eventuelle endringar av meir omfattande karakter må takast inn i årleg ruteendringsprosess som i verksettast om hausten.

Etter anbodstart 02.07.2017 har Skyss vore i dialog med Bømlo kommune, og ein har hausten 2017 hatt møter kor Skyss har teke imot innspel og ønskjer frå kommunen. Desse innspela blir tatt med i vurderingane om forbetingstiltak. Eventuelle tilpassingar av tilboden vil bli gjort ut frå dei gitte økonomiske rammene for kollektivtilboden i Sunnhordland, samt dei føringar som ligg i vedteken Kollektivstrategi for Hordaland (FTING PS-30/2014) og Trafikkplan Sunnhordland (FUV PS-331/2015).

**Økonomi:** Saka omhandler disposisjon av midlar i vedteken budsjett for 2018.

**Klima:** Ved at fleire vel kollektivtransport framfor privatbil vil det ha ei positiv effekt på klimautslepp.

**Folkehelse:** Auka bruk av kollektivtransport vil ha ei positiv innverknad på folkehelsa, ved at det kan gi reduksjon i lokale miljøutslepp, samt meir gange eller sykling i samband med transport til og frå haldeplass.

**Regional planstrategi:** Kopling til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

#### Forslag til innstilling

Fylkeskommunen vil på bakgrunn av evaluering etter start av nytt bussanbod i Sunnhordland og eventuelle konkrete forslag til omprioriteringar, vurdere tiltak for forbetingar av busstilboden på Bømlo. Ruteendringane vil bli gjort innanfor dei til ein kvar tid gjeldande økonomiske rammer, og med bakgrunn i føringar gitt i Trafikkplan Sunnhordland.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Brev fra Bømlo kommune, Underskriftskampanje for bedre busstilbud på Bømlo

## Fylkesrådmannen, 09.01.2018

### Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har mottatt i brev frå Bømlo kommune av 8.november, eit innbyggarforslag underskrevet av 470 personar.

Med utgangspunkt i dagens kollektivtilbod gir innbyggjarforslaget uttrykk for at busstilbodet ikkje vert opplevd godt nok. I eit innbyggarforslag skal det gå fram av forslaget kva ein ønskjer at fylkeskommunen skal ta stilling til.

Innbyggarforslaget ber fylkeskommunen ta stilling til følgjande forslag:

*"I denne underskriftskampanjen ønsker vi å samle underskrifter for å kreve bedre busstilbud her på Bømlo. Vi synes det er vanskelig å velge det grønne alternativet som kollektiv transport fremfor bilen, når det går så lite busser til og fra. Det bør være enklere og mer økonomisk å ta grønne valg".*

A fremme innbyggarforslag etter kommunelova §39a er ein rettigheit fylkeskommunens innbyggjarar har. Fylkeskommunen pliktar å ta stilling til innbyggarforslag som gjeld fylkeskommunal verksemd dersom minimum 500 innbyggjarar i fylket stiller seg bak. I høve kommunelova er 470 signaturar ikkje tilstrekkeleg for å definera som eit innbyggarforslag. Ein har likevel velt å ta saka opp til behandling då ein har vurdert saka som viktig for innbyggjarane.

### Rammer for utvikling av kollektivtilbodet

Kollektivtrafikken er finansiert med offentlege midlar som alltid vil vere begrensa. Samla brutto driftskostnader (det vil seie utan billettinntekter) for alle busskontraktane i Hordaland er i 2018 budsjettert med 1,43 milliardar kroner, der busskontrakten for Sunnhordland utgjer omlag 76 mill. kr. Som ansvarleg for kollektivtrafikken har fylkeskommunen ansvar for å utnytte desse ressursane godt og gjere riktige prioriteringar. Kollektivstrategi for Hordaland, vedteken i fylkestinget i juni 2014 (PS-30/2014) gir det faglege grunnlag for tilbodsutviklinga og å prioritere ressursane der transportbehovet er størst. Samstundes skal kollektivtilbodet være eit attraktivt og tenleg tilbod for alle innbyggjarane i fylket. Vi må finne løysingar som er best for dei fleste, men må tåle å ikkje gjere alle til lags.

Trafikkplan for Sunnhordland, vart vedtatt i fylkesutvalet i desember 2015 (PS-331/2015). Føremålet med trafikkplanen var å gi ein heilskapleg gjennomgang av kollektivtilbodet i kommunane Stord, Fitjar, Bømlo og Sveio. Trafikkplanen gav overordna føringar og rammer for rutetilbodet i det nye bussanbodet som starta opp juni 2017, og er grunnlaget for vidare tilbodsutvikling i Sunnhordland. Bak trafikkplan Sunnhordland ligg eit breitt faktagrunnlag i form av relevante statistiske data, rapportar, kommuneplanar, samt andre planar og prosjekt som har innverknad på transportbehova i området. Alle kommunane deltok med innspel om kollektivtilbodet og forslag til endringar i rutetilbodet.

### Nytt anbod og nye rutetider

Det nye bussanbodet i Sunnhordland har gitt enkelte endringar i rutetilbodet, men i all hovudsak innanfor rammene for produksjon i føregåande kontrakt. Dette betyr omprioriteringar, der nokon fekk eit betre tilbod og andre ein reduksjon. I all hovudsak er det gjort få endringar i rutetilbodet i Bømlo kommune, men nokre avgangar og rutetider er endra:

- Endringar i buss til/frå Langevåg for betre korrespondanse med ferje Langevåg-Buavåg
- Nokre få avgangar redusert på grunnlag av svært låg etterspurnad
- Tilpassing av rutetider på lokale busslinjer for betre omstigingsmoglegheiter på Svortland mot linje 800 Svortland-Leirvik

### Kollektivtilbodet i distrikta

Skyss arbeider kontinuerleg med linjenettet – med regionale stamlinjer, hovudlinjer, lokale linjer, for å betre legge til rette for meir samanhengande reiser og at ein skal kunne nå viktige reisemål for skule, arbeid og

ulike tenestetilbod. Eit godt linjenett skal vektlegge korrespondanse i sentrale knutepunkt og mellom ulike transportmiddel.

Korrespondansar og bytemoglegheit er ikkje alltid enkelt å løyse i same grad som er ønska og forventa. Kollektivnettet i Sunnhordland omfattar både buss, båt og ferje, samt kommersielle bussruter, der ambisjonen er å få tilboden til å henge best mogleg saman. Det vil være nødvendig å prioritere, og det er fleire faktorar som må takast med i vurderingane. Store delar av tilboden og rutetidene må også tilpassast skule- og arbeidstider – kor korrespondansar knytt til skule- og arbeidsreiser i utgangspunktet bør prioriterast.

Sunnhordland er i hovudsak disktriksområde, der tilboden i stor grad må planleggast ut i frå behovet for skuleskyss og målet om å gi eit rimelig nivå av mobilitet for folk som ikkje kan eller ønskjer å bruke bil. Bilen er eit naudsynt og viktig transportmiddel, og kollektivtransporten vil i store delar av Sunnhordland ikkje vere konkurransedyktig til privatbilen.

### **Forbetringar i kollektivtilboden på Bømlo**

Tilbakemeldingar, erfaringar og innspel som kjem frå kundar, kommunar og andre interessentar er viktig informasjon for Skyss i arbeidet med å tilpasse rutetilboden best mogleg. Der det er mogleg å finne løysingar innanfor dei gitte rammene, og som ikkje gir vesentlege konsekvensar for andre delar av kollektivnettet, kan ein løypande gjere mindre justeringar. Eventuelle endringar av meir omfattande karakter må takast inn i årleg ruteendringsprosess som i verksettast om hausten.

Fylkesrådmannen har forståing for at utfordringar som følgjer når rutetilboden ikkje strekk til for alle skapar engasjement. Det kan peikast på at kollektivtilboden i nokre tynt befolka område ikkje er på eit rimeleg nivå. I desse tilfelle vil det vere behov for meir konkrete forslag til omprioriteringar då dette gjer det lettare å vurdere tilboden.

Fylkesrådmannen vil leggje faglege grunnlag og politiske vedtak til grunn i sine vurderingar om korleis midlane blir nytta for å betre kollektivtilboden, basert på dei rammar, ressursar, midlar og føresetnadar ein har til rådighet. Fylkestinget har i desember gjort vedtak om å styrke budsjettet for 2018 med 2 mill. kr til betring av kollektivtilboden i Sunnhordland og Hardanger/Voss. Styrka budsjett kan gi grunnlag for betringar i tilboden i Bømlo

Etter anbodstart 02.07.2017 har Skyss vore i dialog med Bømlo kommune, og motteke innspel og ønskjer frå kommunen. Desse innspela blir tatt med i vurderingane, og bli sett i samanheng med dei samla erfaringane med busstilboden i Sunnhordland etter oppstart nytt bussanbod og gjeldande trafikkplan for området.